

Kvernbit IL Ro og seglgruppe.

v/Atle Bergseth

e-post: [atle\\_bergseth@yahoo.no](mailto:atle_bergseth@yahoo.no) mobil: 48039767

Meland kommune

## Søknad om midlertidig oppsett av flytebrygge

Ro og seglgruppe i IL Kvernbit er i gang med utprøving av uteskuleaktivitet knytt til Håøy og Flatøyosen. Aktiviteten foregår både på sjø og land. Alle skulane i Knarvik, Frekhaug, Alversund området, samt Grasdal skule har sagt seg svært interessert i tiltaket. Tilsaman er her over 100 skuleklasser i området som vil kunne gjere bruk av tilbodet. Til no har vi brukt innlånte båtar. Neste år får vi tre, til fire litt større klinkbygde tradisjonsbåtar av typen Oselvar som særleg skal nyttast til opplegg med skuleklasser, lag og organisasjonar. BOF (Bergen og Omland friluftsråd) er svært glad for den auka bruken av friluftsområde på Håøya som dette medfører.

### Undervisning og aktivitetar

På Håøya legg vi opp til naturfagundervisning, orienteringsløyper og leikeaktiveter på markane og i skogen på friluftsområde, samt undervisning i lokalhistorie knytt til Håøya. Undervisning på sjøen blir om fisk, skalldyr, tang og tare, livet i fjæra, mikroorganismar, sjøfugl, vér, vind og bylgjer og sikkerheit, livredning med praktiske øvingar og trafikkreglar på sjøen. Aktiviteten på sjøen er førebels knytt til bruk av tradisjonsbåtar for roing og segling. Bruk av segljoller, kano og kajakk i samarbeid med Nordhordland seglforening, Nordhordland padleklubb og Knarvik IL er og aktuelt.

### Tilkomst

For alle elevane som kommer frå skulane i Knarvik, Frekhaugområdet er gåing, sykling, evt. buss til den store parkeringsplassen langs riksvegen mest praktisk og minst tidkrevjande. Her går sti ned til sjøen og vidare over Flatøy aust, Midtmarka til Håøy. Denne gangturen tar med skuleklasser 30-40 minuttar. For at ikkje mykje av skuledagen skal gå med til gåing transport til og frå øya er det mest praktisk å bruke båttransport med dei same båtane som vi bruker til aktivitet på sjøen, frå Skitnedalsvika over Flatøyosen til Håøy. Dette er ein rotur på 7-8 minutt og ein fin oppleving. Frå riksvegen er det fem min gange ned til sjøen.

For å gjera ombord og i land stigning lett og trygt både ved flo og fjære sjø i Skitnedalsvika og på Håøy trengs flytebryggjer. BOF (Bergen og omland Friluftsråd) vil montere permanent flytebryggje ved kaien på Håøy, men BOF disponerar ikkje grunn på Flatøysida i Skitnedalsvika. Her ynskjer vi flytebryggje. *Flytebryggja skal kun vera for om bord og ilandstiging til frå robåtar, kano og kajakk. Bryggja skal og merkast for dette formålet.*

Annan bruk: I tillegg til skulebruk vil gangstien og flytebryggja kunne brukast til turgrupper, barn ungdom, familier, pensjonistar og evt. turistar som skal til og frå turar, arrangement på Håøy.

Storleiken på bryggja er tenkt minimum 6,50 x 1,80 m evt 9.60 x 3.00m pluss landgang ut frå land. Vi treng og løyve frå grunneigar til merking av gangsti ned til Skitnedalsvika. Sjå vedlagt kart illustr.

Mvh

Atle Bergseth

ro og seglgruppe Kvernbit IL

